PS 56/19

KG PROSJEKT

# NOTAT

**DATO:** 09.05.2019

**FORFATTER:** Knut Guldbrandsen

**SAK:** Volda Campus Arena, opsjon full parkeringskjeller

**MOTTAKER:** Volda Kommune v/Pål Are Vadstein

Volda Campus Arena AS v/Arild Bakke

I avklaringsmøte med Betonmast Røsand i går, ble det diskutert muligheter og konsekvenser av å innfri opsjonen med full parkeringskjeller.

Dette er en vesentlig opsjon ifht tidlig fase i prosjektet, og vil ha innvirkning på både konstruksjonsprinsipp og omfang og kompleksitet på grunnarbeidene. Verken prosjektering eller endelig valg av grunnentreprenør vil kunne igangsettes før denne opsjonen er avklart. Betonmast Røsand har opplyst at denne opsjonen må være avklart samtidig med kontrahering umiddelbart etter evt positivt vedtak i Kommunestyret den 23. mai.

Konsekvensen av å utsette avgjørelsen vil være at

- Entreprenøren får ikke igangsatt prosjektering av grunn og betongarbeider
- Entreprenøren får ikke kontrahert underentreprenør på grunnarbeider
- Entreprenøren får ikke avklart betongarbeider mht elementer/plasstøpt

Med basis i kontrahering umiddelbart etter 23. mai, har entreprenøren forutsatt prosjektering også gjennom sommerferien, for å oppnå en tidligst mulig oppstart etter ferien. Dersom en avklaring av opsjon parkeringskjeller utsettes til Juni, vil prosjektering først kunne igangsettes etter ferien, og man mister ytterligere 1 mnd, som igjen medfører kostnader ved prisstigning.

På bakgrunn av ovenstående presiseres at endelig beslutning om valg av opsjon parkeringskjeller eller ikke, er overordnet viktig både av økonomiske og fremdriftsmessige årsaker.

KG Prosjekt AS
Øygardveien 8
1357 Bekkestua

Foretaksnr NO 920 366 139 MVA
E-post: Knut@kgprosjekt.no

PS 58/19

VOLDA KOMMUNE –
KONTROLLUTVALET

VEST KONTROLL
SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL

# UTSKRIFT

frå

# MØTE PROTOKOLL

| Saksnr.: | Arkivnr.: | Dato: | Møtedato: | Saksbehandlar: |
|---|---|---|---|---|
| 15/19 | 212 | 23.04.2019 | 09.05.2019 | JS |

## KOMMUNEREKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2018

**Samrøystes uttale**

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2018 datert 15.04.2019.
2. Kontrollutvalet meiner at Volda kommune sitt årsrekneskap som viser kr 5.213.968 til fordeling drift, eit positivt netto driftsresultat på kr 7.397.280 og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 4.630.549, som er sett saman av balanse per 31.12.18, driftsrekneskap, investeringsrekneskap og økonomiske oversikter, notar medreknasamandrag og viktige rekneskapsprinsipp, kan godkjennast.
3. Kontrollutvalet støttar rådmannen sitt forslag til disponering av året sitt rekneskapsmessige resultat: «Årets rekneskapsmessige resultat på kr 4.630.5501 kr vert sett av til disposisjonsfond».

**Vedlegg:**

- Rekneskap 2018 med revisjonsmelding.
- Årsmelding 2018

**Saksopplysningar**

Det vert vist til dei vedlagde dokumenta: Revisjonsmelding, rekneskap og årsmelding for 2018.

Driftsrekneskapen viser kr 521.968.748 til fordeling drift. (kr 523.331.749 i 2017)
Det kjem fram at rekneskapen er avslutta med eit positivt netto driftsresultat på kr 7.379.280 og rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 4.630.549 (Kr 41.399.712 i 2017).

**Revisjonsmeldinga**

Revisor sin konklusjon om årsrekneskapen:
Rekneskapen av gitt i samsvar med lov og forskrift og gir per 31.12.2017 dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen og av resultatet for rekneskapsåret som er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen, annan informasjon, rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen og revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen går fram av revisjonsmeldinga.

Revisor konkluderer flg. om andre lovmessige krav:

- Regulert budsjett i rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak og årsrekneskapen er i rimeleg samsvar med regulert budsjett.

- Opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og dei er i samsvar med lov og forskrifter.

- Leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal bokføringsskikk i Noreg.

**Rekneskapen**
Rekneskapen er oversiktleg og inneheld dei obligatoriske skjema.
Innhaldslista finn ein på side 2.
Notane «1 til 16» (side 15 - 34) gir veldig gode forklaringar/informasjon..
Ein viser elles til rekneskapsdokumentet.

**Årsmeldinga**

1. Rådmannen sine kommentarar
2. Sektorane
3. Kommunen sin økonomiske situasjon – viktig informasjon til kontrollutvalet i samband med uttale til rekneskapen. Rådmannen kjem med framlegg om at året sitt rekneskapsmessige resultat på kr 4.630.550 vert sett av til disposisjonsfond
4. Personalpolitikk
5. Beredskap
6. Vedlegg

Årsmeldinga er enkel, lettlest og oversiktleg.

Ein viser elles til årsmeldingsdokumentet.

**Avslutning**
Då det i revisjonsmeldinga ikkje kjem fram noko atterhald eller presisering, årsrekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift, gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31.12.2018 og resultatet for rekneskapsåret er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg, har ein ingen merknad til det framlagde rekneskap for 2018.

**I møtet**
Økonomisjef Kari mette Sundgot orienterte kort om hovudlinjene i den framlagde rekneskapen og årsmeldinga.

**Rett utskrift**
Åram, 10. mai 2019

VEST KONTROLL
SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL

Karoline Sighaug
Karoline Sighaug
Konsulent

**Utskrift til:** **Kommunestyret. (Skal følgje rekneskapssaka om formannskapet til kommunestyret).**
**Rådmann.**
**Økonomileiar.**